
Notat

Til: Formannskapet

Kopi:

Frå: Rådmann

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
	20/4510-36	6161/21	09.03.2021

Årsbudsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024

Kommunestyret sitt vedtak 10. desember 2020 skal innarbeidast i budsjettet. Rådmannen orienterer her om arbeidet som er gjort og legg ved endeleg versjon av budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Økonomiplan – Investering

Løyving til projektorar i Sogndal kulturhus er lagd inn i investeringsbudsjettet med kr 1 655 000 pluss mva. Prosjektet vert finansiert med kr 37 000 i restmidlar på bundne investeringsfond og kr 1 329 000 i bruk av ubundne investeringsfond. Restbeløp vert finansiert med lånemidlar kr 289 000 og mva-kompensasjon.

	Prosjekt	2 021	2 022	2 023	2 024
1	Projektor Sogndal kulturhus	2 069 000			
	Finansiering				
	MVA-kompensasjon	-414 000			
	Bundne investeringsfond	-37 000			
	Ubundne investeringsfond	-1 329 000			
	Lån	-289 000			
		0	0	0	0

Økonomiplan – Drift

1. Konsekvensane av tidlegare vedtak knytt til løpande barnehageopptak er innarbeidd i budsjettet med beløp tilsvarande to stillingar. Beløp er berekna til kr. 1 237 000 inkl. sosiale kostnader.
2. Det er gjort mindre endringar i rente og avdragsutgiftene.
3. Driftsbudsjettet for eigedomsskatt er justert i samsvar med vedtaket.
4. Auka lønsbudsjett Kringsjå Leirskule
5. Reduserte utgifter for amortisering av premieavvik frå 2022.
6. Reduserte kraftinntekter år 2021.
7. Endring i bruk av disposisjonsfond

	Tiltak	2 021	2 022	2 023	2 024
1	Løpande barnehageopptak	1 237 000	1 237 000	1 237 000	1 237 000
2	Auka rente- og avdragsutgifter	3 000	5 000	6 000	6 000
3	Endring i eideomsskatteinntekter	-676 000	393 000	1 451 000	3 001 000
4	Auka lønsbudsjett Kringsjø Leirskule	1 467 000	1 467 000	1 467 000	1 467 000
5	Amortisering av premieavvik		-3 500 000	-7 000 000	-7 000 000
6	Reduserte kraftinntekter	4 780 000	0	0	0
7	Endring i bruk av disposisjonsfond	-6 811 000	398 000	2 839 000	1 289 000
		0	0	0	0

Prishefte

- Eigenbetaling SFO er justert i høve ordinær prisvekst
- Satsane for parkeringsavgift var feil og er retta. Jf. munnleg orientering i kommunestyret 10. desember.

Tekstlege endringa som er innarbeidd i dokumentet

- Tillegg under Mål og strategiar. i punkt 1 :.... Kommunen skal ha nulltoleranse for mobbing.
- Byte ut «sårbare barn» med utsette barn i dokumentet

Endringar i tabelloppsett og nye tabellar

- Alle tabellar, oppstillingar og tilhøyrande tekst er oppdaterte i samsvar med endringane som er gjort i talmaterialet.
- I kap 6.2.4 er det lagt inn ein ny tabell som viser utviklinga i lånegjeld i kroner. Dette er eit krav etter ny kommunelov.
- I kapittel 8 under kvart enkelt tenesteområde er tabellane for inntekter og utgifter erstatta med tabellar som viser ein større spesifisering av utgifts- og inntektsgruppene. Dette er gjort i samråd med ordførar som følgje av at det i kommunestyret vart ytra ønskje om betre informasjon m.a for lønsutgifter.

Vedlegg:

- Årsbudsjett 2021 og Økonomiplan 2021-2024
- Vedlegg 1 Oversyn over organisering og oppgåver i kvar sektor
- Vedlegg 2 Nærare omtale av tiltak og innsparingar i sektorane
- Vedlegg 3 Prishefte
- Vedlegg 4 FN sine bærekraftsmål